



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS

Torgbakken 9

5411 STORD

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Mette Hjelmeland	996 400 64	2025/5347-3		25.04.2025

Svar - etterspør status i sak - 83/12 - reseksjonering

Viser til mottatt søknad om reseksjonering – 83/12.

De har i dykkar søknad kryssa av for at «rammeløyve eller igangsetjingsløyve er gitt dersom reseksjoneringen gjelder etablering av ny(e) seksjoner». Kan ikkje sjå at kommunen har gitt løyvene som skal til for å sakshandsame reseksjoneringa. Saka vert tatt opp til behandling når byggeløyve er gitt.

Viser ellers til telefonsamtale i dag, om søknaden.

Det må gå klart fram, i punkt 4 i søknaden, korleis sameigebrøken skal vere fordelt. Skal dei 4 nye boligseksjonane, samt ny næringsseksjon og resterande seksjon 1 bli 1200/1417 lyt denne fordelinga gå klart fram.

De nemner og ein seksjon utan seksjonsnummer (fellesareal – seksjon 10?) med brøk på 48,6/1417. Fellesareal er ikkje eit godkjent seksjoneringsføremål.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Mette Hjelmeland
Fagkoordinator geodata

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

